



# Innførsel av flyttegods Erklæring

Sjå side 2 for meir informasjon

<b>1. Personopplysningar</b>		
Namn		
Adresse i Noreg	Postnummer	Poststad

<b>2. Mengd flyttegods og sendingsmåte</b>			
Talet på kolli flyttegods	Spesifikasjon er lagt ved <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Talet på kolli tekne med av meg	Talet på kolli i eiga sending
Kollia kan berre innehalde flyttegods som du sjølv har eigd og brukt i utlandet og som du framleis skal bruke i Noreg. Inneheld kollia tollpliktige varer, må du skrive det i pkt. 3			

<b>3. Tollpliktige varer</b>			
Har du med deg nye varer? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Om ja, spesifiser		
Har du med deg næringsmiddel? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Om ja, spesifiser		
Har du med deg alkohol? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Om ja, kva? <input type="checkbox"/> Øl/rusbrus	Tal i liter	Tal i liter
Har du med deg tobakksvarer? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Om ja, kva? <input type="checkbox"/> Sigarettar	Tal i stk.	Tal i gram
Har du med deg andre varer, til dømes yrkesutstyr? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Om ja, spesifiser		
	<input type="checkbox"/> Vin		<input type="checkbox"/> Brennevin
	<input type="checkbox"/> Snus		<input type="checkbox"/> Andre tobakksvarer

<b>4. Innførsel av tv og liknande (kjem inn under eigne reglar)</b>	
Har du med deg tv?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
Har du med deg dvd/blu-ray o.l.?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja

<b>5. Innførsel av våpen og ammunisjon</b>
Har du med deg våpen eller ammunisjon? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (Krev særskilt innførselsløyve frå politiet)

<b>6. Erklæring om pakkinga</b>
<input type="checkbox"/> Eg erklærer at eg sjølv har gjennomført og kontrollert pakkinga av flyttegodset. Det er ikkje teke med andre tollpliktige varer enn dei som står på lista under punkt 2, 3 og 4.
<input type="checkbox"/> Eg har ikkje sjølv gjennomført og kontrollert pakkinga (forklar under) Forklar kven som har pakka, og korleis pakkinga er utført

Før innflyttinga til Noreg har eg opphalde meg i utlandet samanhengande i minst eitt år. Eg er kjend med at det er straffbart etter norsk lovgjeving å gje urette opplysningar eller å leggje fram urette legitimasjonsdokument.	
Stad og dato	Underskrift

## Forklaring til erklæringa

Du må ha vore busett i utlandet samanhengande i minst eitt år for å kunne ta med deg flyttegodset ditt utan å betale toll og avgifter. Du må sjølv ha eigd og brukt tinga i utlandet. Du må ta med deg flyttegodset kort tid etter flytting til Noreg, og du må levere erklæringa samtidig som du fortollar flyttegodset.

Saman med denne erklæringa skal du leggje ved ei liste over alle varene du har med deg. På lista skal du opplyse om varene er brukte eller nye. Har du med deg nye varer, skal du betale meirverdiavgift og eventuell toll og særavgifter for desse.

Du får ikkje toll- og meirverdiavgiftsfritak for køyretøy, fly, yrkesutstyr, næringsmiddel, alkohol eller tobakksvarer. Har du med deg slike tollpliktige varer, skal du opplyse om det i punkt 3 i erklæringa.

Du må opplyse om du har med deg tv, dvd, blue ray eller liknande. Det er på grunn av tv-lisens og krav til kontroll av elektrisk utstyr som kjem til Noreg. Dette opplyser du om i punkt 4.

Skal du ha med deg våpen eller ammunisjon, må du ha løyve frå politiet som du legg ved denne erklæringa. Du må opplyse om det i punkt 5.

Det er egne regler om tollfritak for brukt båt som du tek med deg når du flyttar til Noreg. Du må skrive ein eigen søknad om dette.

Du skal levere denne erklæringa om innførsel av flyttegods til Tolletaten ved tollbehandling av varene.